



Møteprotokoll for Eldreråd

Møtedato: 30.05.2022
Møtestad: Alver rådhus - kantina/formannskapssalen
Møtetid: 12:00 - 16:00

Det var felles orienteringsmøte for eldrerådet/RMNF i kantina kl. 12.00. Deretter gjekk eldrerådet til formannskapssalen for handsaming av vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Skage Syslak		Medlem
Einar Lygre		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør, Line M. Valle-tenesteleiar Egedomsforvaltning, Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur, Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning, Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
019/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/22	Godkjenning av møteprotokoll 02.05.2022
021/22	Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring
022/22	Etablering av helsefellesskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
023/22	Revisjon av retningslinjer for følgjebevis
024/22	Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale
025/22	Kulturprosjekt - våren 2022

026/22 Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024

027/22 Meldingar til eldrerådet 30.05.2022

019/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Eldrerådet godkjenner samrøystes innkalling og saksliste.

ER- 019/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

020/22: Godkjenning av møteprotokoll 02.05.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Eldrerådet godkjenner møteprotokollen for 02.05.2022,

ER- 020/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

021/22: Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Behandling:

Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:

Slik prosjektet vert skildra i saksutgreiinga, kan ein med relativt enkle middel syta for at alle bueiningane vert universelt uforma. RMNF meiner det i den vidare prosessen må stillast krav om dette. Vidare må alle bueiningane ha tilgang til å lade elbil.

Framlegget vart samrøystes vedteke

RMNF- 024/22 Vedtak:

Slik prosjektet vert skildra i saksutgreiinga, kan ein med relativt enkle middel syta for at alle bueiningane vert universelt uforma. RMNF meiner det i den vidare prosessen må stillast krav om dette. Vidare må alle bueiningane ha tilgang til å lade elbil.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Ingrid Raniseth-rådgjvar Planforvaltning orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet ser positivt på bustadprosjektet/detaljregulering på Holme.

Rådet meiner at det med fordel bør vera universell tilkomst for meir enn 50 prosent av bustadane.

Rådet oppmodar også om å tilpassa og tilrettelegga bustadprosjektet til det grønne skiftet og til nasjoale krav som ein ser vil koma - det kan t.d. vera bruk av solcellepanel.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

ER- 021/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet ser positivt på bustadprosjektet/detaljregulering på Holme.

Rådet meiner at det med fordel bør vera universell tilkomst for meir enn 50 prosent av bustadane.

Rådet oppmodar også om å tilpassa og tilrettelegga bustadprosjektet til det grønne skiftet og til nasjoale krav som ein ser vil koma - det kan t.d. vera bruk av solcellepanel.

Ungdomsråd 30.05.2022:

Behandling:

UR- 020/22 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering

022/22: Etablering av helsefellesskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet jamfør vedlegg.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør
Rådet har ingen merknader til saka, samrøystes.

RMNF- 027/22 Vedtak:

Rådet har ingen merknader til saka.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Eldrerådet i Alver sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 022/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet i Alver sluttar seg til framlegg til revidert *Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet.*

023/22: Revisjon av retningslinjer for følgjebevis

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg vedtek framlegget til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Behandling:

Framlegg frå Reidar Knutsen:

RMNF bed Alver kommune om å fjerne nedre aldersgrense for følgjebevis. Saksutgreiinga frå administrasjonen får ikkje fram at følgjebevis også er viktig for familiane. Sjølv om barn under 8 år oftast ikkje kan reise eller delta aleine, kan likevel situasjonen være veldig annleis for barn

med nedsett funksjonsevne. Kanskje må begge foreldre være med dei to barna slik at ein kan gå av bussen med det eine barnet, ut av kinoen osv. når barnegråt, annan støy, lukt, varme eller totalsituasjonen gir overbelastning - gå ut av køen når det blir uuthaldeleg å stå der. Det kan bety noko økonomisk når begge foreldre alltid må være med, særleg sidan foreldra gjerne ikkje klarar å være i full jobb begge, når eit barn har betydeleg funksjonsnedsetting. Brukarorganisasjonane er samstemte om at aldersgrensa bør fjernast (ref. høyringssvar frå SAFO, FFO og Unge Funksjonshemmede i 2021). Om lag halvparten av barna bur i kommunar utan aldersgrense, sidan fleire av de store ikkje har dette, mellom anna Oslo, Trondheim, Drammen og Stavanger. I Vestland kan Alver heller være pådrivar enn å venta på Bergen i denne saka. Om aldersgrensa likevel ikkje vert fjerna, bør den i alle fall reduserast slik mellom anna Tromsø og Kristiansand har gjort. RMNF bed om at retningslinjene vert språkvaska før ferdigstilling, f.eks. skrive "barn med funksjonsnedsetting" og ikkje "funksjonshemmede barn".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 028/22 Vedtak:

RMNF bed Alver kommune om å fjerne nedre aldersgrense for følgjebevis. Saksutgreiinga frå administrasjonen får ikkje fram at følgjebevis også er viktig for familiarne. Sjølv om barn under 8 år oftast ikkje kan reise eller delta aleine, kan likevel situasjonen vere veldig annleis for barn med nedsett funksjonsevne. Kanskje må begge foreldre være med dei to barna slik at ein kan gå av bussen med det eine barnet, ut av kinoen osv. når barnegråt, annan støy, lukt, varme eller totalsituasjonen gir overbelastning - gå ut av køen når det blir uuthaldeleg å stå der. Det kan bety noko økonomisk når begge foreldre alltid må være med, særleg sidan foreldra gjerne ikkje klarar å vere i full jobb begge, når eit barn har betydeleg funksjonsnedsetting. Brukarorganisasjonane er samstemte om at aldersgrensa bør fjernast (ref. høyringssvar frå SAFO, FFO og Unge Funksjonshemmede i 2021). Om lag halvparten av barna bur i kommunar utan aldersgrense, sidan fleire av de store ikkje har dette, mellom anna Oslo, Trondheim, Drammen og Stavanger. I Vestland kan Alver heller være pådrivar enn å venta på Bergen i denne saka. Om aldersgrensa likevel ikkje vert fjerna, bør den i alle fall reduserast slik mellom anna Tromsø og Kristiansand har gjort. RMNF bed om at retningslinjene vert språkvaska før ferdigstilling, f.eks. skrive "barn med funksjonsnedsetting" og ikkje "funksjonshemmede barn".

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle. Unntak må behandlast fleksibelt.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

ER- 023/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet sluttar seg til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle. Unntak må behandlast fleksibelt.

024/22: Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre legg til grunn at følgjebevis skal akseptrast ved arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 029/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:
Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

ER- 024/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:
Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

Ungdomsråd 30.05.2022:

Behandling:

UR- 021/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

025/22: Kulturprosjekt - våren 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt våren 2022 slik det kjem fram av saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Behandling:

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren, samrøystes vedteke.

RMNF- 026/22 Vedtak:

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:
Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning, men vil samstundes visa til Alver kulturråd sine kommentarar.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 025/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:
Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning, men vil samstundes visa til Alver kulturråd sine kommentarar.

Ungdomsråd 30.05.2022:

Behandling:

UR- 022/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

026/22: Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien, slik den ligg føre i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Behandling:

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren, samrøystes vedteke.

RMNF- 025/22 Vedtak:

RMNF støttar framlegget frå kommunedirektøren.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:
Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning.

ER- 026/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:
Eldrerådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til etterretning.

Ungdomsråd 30.05.2022:

Behandling:

UR- 023/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

027/22: Meldingar til eldrerådet 30.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tatt til orientering.

Eldreråd 30.05.2022:

Behandling:

Det vart lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Eirik B. Utne orienterte kort og svara på spørsmål om "Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale - knytt til sak 024/22 i ER, om "Rullering - anleggsstrategi for Alver kommune" knytt til sak 026/22 i ER, og om "Kulturprosjekt - våren 2022" knytt til sak 025/22 i ER.

- Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning orienterte om "Detaljregulering for Holme - off.

ettersyn og høyring" - knytt til sak 021/22 i ER.

- Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret orienterte om "Revisjon av retningslinjer for følgjebevis" - knytt til sak 023/22 i ER.

- Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning orienterte om status for teleslynger i offentlege bygg.

Ovanstående orienteringar/meldingar vart gjeve i felles orienteringsmøte for ER/RMNF.

- Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun orienterte i sak 022/22 i eldrerådet - *Etablering av helsefelleskap – overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1.*

- Sigurd Knudsen orienterte kort om planane for markeringa av den internasjonale eldredagen på Frekhaug, og opplyste at forfattaren Gunnar Staalesen blir dagens talar.

- Eldrerådet drøfta om det er interesse for å få trykt opp ein faldar om rådet sitt arbeid. Rådet ønskjer å jobba vidare med dette.

- Årsmeldinga 2021 til Fylkeseldrerådet vart lagt fram som melding. Eldrerådet i Alver tar årsmeldinga til orientering.

- Statsforvaltaren har invitert alle kommunale eldreråd til samling 12.-13. september. Eldrerådet i Alver legg opp til at flest mogleg av medlemane blir med.

Det vart sett fram følgjande tilleggsframlegg i eldrerådet:

Uttale om tannhelse-tenesta:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til sak om tannklinikk-situasjonen på Lindås: Eldrerådet vil peika på at det er dårleg samfunnsøkonomi i å sentralisera den offentlege tannlegetenesta, slik ein no ser klare tendensar til - mellom anna knytt til situasjonen ved tannklinikken på Lindås. Dette er nedbygging av tannhelsetenesta i distriktet, som både gjev folk eit dårlegare velferds- og helsetilbod - og fører til lange avstandar for å koma til tannlegen - noko som også er dårleg klimapolitikk.

Uttale om teleslynge i kommunale bygg:

Eldrerådet viser til presentasjonen om situasjonen for teleslynger i kommunale bygg, og meiner det er behov for ei kraftig oppgradering av anlegg og utstyr. I første omgang må kommunen få ei oversikt over eldre bygg/lokale som har behov for teleslynge eller tilsvarande utstyr. Dette må bli eit tema i samband med arbeidet med vedlikehaldsplan for kommunale bygg. I dette arbeidet er det viktig at også aktuelle brukargrupper må trekkast med.

Uttale - Nei til å fjerna eldreombodet:

Eldrerådet i Alver er uroa over regjeringa sitt framlegg i revidert nasjonalbudsjett om å leggja ned eldreombodet. Stortinget har i loven sagt at «Eldreombodet skal på alle samfunnsområde arbeida for å fremja dei eldre sine interessen». I tillegg til økonomiske innsparingar blir forslaget også grunngjeve med at Eldreombodet sine oppgåver også blir dekkja av andre ombod og instansar.

Eldreombodet talar dei eldre si sak i heile samfunnet og har også heilt andre rollar enn t.d. pasient- og brukaromboda. Eldreombodet er ein pådrivar og overvakar nasjonalt – som vaktbikkje og trekkhund.

Eldrerådet meiner forslaget om å fjerna ombodet sender eit uheldig signal til alle eldre i samfunnet.

Eldrerådet tok meldingar til orientering, med tillegg som kom fram i møtet.

ER- 027/22 Vedtak:

Meldingar vert tatt til orientering, med følgjande tillegg:

Uttale om tannhelse-tenesta:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale til sak om tannklinikk-situasjonen på Lindås: Eldrerådet vil peika på at det er dårleg samfunnsøkonomi i å sentralisera den offentlege tannlegetenesta, slik ein no ser klare tendensar til - mellom anna knytt til situasjonen ved tannklinikken på Lindås. Dette er nedbygging av tannhelsetenesta i distriktet, som både gjev folk eit dårlegare velferds- og helsetilbod - og fører til lange avstandar for å koma til tannlegen - noko som også er dårleg klimapolitikk.

Uttale om teleslynge i kommunale bygg:

Eldrerådet viser til presentasjonen om situasjonen for teleslynger i kommunale bygg, og meiner det er behov for ei kraftig oppgradering av anlegg og utstyr. I første omgang må kommunen få ei oversikt over eldre bygg/lokale som har behov for teleslynge eller tilsvarande utstyr. Dette må bli eit tema i samband med arbeidet med vedlikehaldsplan for kommunale bygg. I dette arbeidet er det viktig at også aktuelle brukargrupper må trekkast med.

Uttale - Nei til å fjerna eldreombodet:

Eldrerådet i Alver er uroa over regjeringa sitt framlegg i revidert nasjonalbudsjett om å leggja ned eldreombodet. Stortinget har i loven sagt at «Eldreombodet skal på alle samfunnsområde arbeida for å fremja dei eldre sine interessen». I tillegg til økonomiske innsparingar blir forslaget også grunngeve med at Eldreombodet sine oppgåver også blir dekkja av andre ombod og instansar.

Eldreombodet talar dei eldre si sak i heile samfunnet og har også heilt andre rollar enn t.d. pasient- og brukaromboda. Eldreombodet er ein pådrivar og overvakar nasjonalt – som vaktbikkje og trekkhund.

Eldrerådet meiner forslaget om å fjerna ombodet sender eit uheldig signal til alle eldre i samfunnet.